

Soknerådsmøte i Moster sokneråd mandag 23.01.2023

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Camilla Rubach, Christian Kallevåg-Bjerke og Aksel Lygre

Sak 02 – 2023 Godkjenning av møtebok frå 06.12.22, ekstra møte 2.1.23 og innkalling.

Møtebok: ekstra møte godkjend. Innkalling godkjend med ei sak i tillegg på Sak 7: Leke kandidatar til bispedømmerådet

Sak 03 – 2023 Oppfylging av tidlegare saker.

*** Evaluering av konsert og gudstenester i jula, og temakveld**

Generelt flotte samlingar i Jula

Julekonsert: Det praktiske må planleggast i god tid

Julaftan: Kanskje litt for tidleg med den første gudstenesta.

Juledag: Ønskje om å ha juledagsgudstenesta kl.12.00

Temakveld: «Skattejakt i salmeboka.» Kanskje teamet vart litt for smalt? Det var også arrangement i Salem tidlegare på ettermiddagen, og ein temakveld i Lykling kyrkje

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Kurs med ny miksepult 02.02.23 kl.19.00 til 21:00.

Dei som treng kurset møter

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Marta og Elin tek ansvaret saman. Søknadsfrist 15.mars.

***Nyårsmottaking hos prostens – frivilligprisen til Audny G Johnsen**

Fin mottaking.

***Soknerådsva 2023. Kvar står saka? Kurs for valstyre 31.januar kl.17-21 på Stord hotell.**

***Samrådsmøte må utsetjast. Forslag 7.2. kl.19:00.**

Konfirmantfesten må avklarast, og alle arrangement må takast med, også eldretreffa på Salem

Sak 04 – 2023 Årsmøte og årsmelding.

Årsmøte vert 16.mars etter kort undervising på temakveld. Årsmelding med rekneskap må vera klar til trykking etter korrekturlesing i møte 21. februar. Neste soknerådsmøte er etter årsmøte.

Forslag til evaluering av satsingsområde og nye satsingsområde bør vere klart til 24.januar.

Camilla og Aksel presenterer evaluering og forslag til nye satsingsområde.

Referat i frå dei ulike fagområde er levert.

Vedtak: Soknerådet støttar evaluering og forslag til nye satsingsområde.

Sak 05 – 2023 Sal av teknisk utstyr

Etter skifte av miksepult vert ein del utstyr til overs. Teknisk ansvarleg, Halfdan Endresen, føreslår at ein prøver å selja gamal miksepult med tilhøyrande utstyr, og at inntektene frå salet vert nytta til nytt teknisk utstyr for lyd og bilete.

Vedtak: Soknerådet støttar forslaget frå Halfdan Endresen.

Sak 06 – 2023 Referat og meldingar

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Kyrkjemusikalsk utval

Diakoniutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Straumkrisa.
Frå fellesråd og administrasjon.
Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 07 – 2023 Leke kandidatar til bispedømmerrådet

Vedtak: Moster Sokneråd har ingen forslag til leke kandidatar for komande periode